



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 2124

3103 Tønsberg

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
RLO	2007/3305	14841/2013	S05	07.10.2013

Melding om vedtak - Høyringssvar til revisjon av konsesjonen for Tokke-Vinje vassdraget

Kommunestyret i Vinje handsama saka i møte 03.10.2013.

Dette er Kraftutvalets tilråding:

Revisjonsdokument for Tokke-Vinje reguleringa

Innleiring

Den opphavlege konsesjonen for statsregulering av Tokke-Vinjevassdraget blei gitt for 60 år. Under utbygginga blei det gjort planendringar, og reguleringsvilkår/manøvreringsreglement blei tilpassa det anlegget som blei etablert. Konsesjonen skulle ha gått ut i 2016/2017, men i 2002 fekk konsesjonæren OED til å gjera konsesjonen evigvarande. Etter klage blei likevel avgjerd til OED oppretthalden i Statsråd. Derfor kravde kommunane opning av revisjonssak for Tokke-Vinjereguleringa i 2006. NVE opna revisjonssak i 2007 og kommunane la fram sitt krav om endring av konsesjonsvilkår i juni 2010. Statkraft Energi AS la fram utkast til revisjonsdokument i oktober 2010. Dokumentet blei seinare omarbeidd og godkjent av NVE, som la det ut til høyring i februar 2013.

Parallelt med revisjonssaka har det blitt arbeidd med forvaltningsplan og tiltaksprogram etter Vassforskrifta og karakterisering og klassifisering av dei enkelte vassførekomstane. Kommunane legg til grunn at vassforskrifta opnar for å gjennomgå miljøtilstanden i dei regulerte vassdraga kvart 6. år, og for å setje nye krav til regulanten med bakgrunn i slik gjennomgang.

Kommunane vil i utgangspunktet stå fast ved dei krava som var reist før revisjonsdokumentet var lagt fram og som blei godkjent i kommunestyra i juni 2010, og har i det følgjande lagt vekt på å kommentere konsesjonæren sine vurderingar av desse krava, revisjonsdokumentet kap. 10.

Utgangspunktet for kommunane har vore at konsesjonsvilkåra skal oppgraderast til eit moderne nivå. Underveis har det vore nødvendig å styrke det faglege kunnskapsgrunnlaget, mellom anna gjennom eit overvakingsprogram for kjemisk og økologisk tilstand og nærare hydrologiske vurderingar. Til dette har ein vore nøydd til å leige inn ekstra kompetanse og hjelp utanfrå. I mange tilfelle har ein også støtt seg til den ekspertisen som konsesjonæren har kunna bidra med, sjølv om det i utgangspunktet ville ha vore ønskjeleg å hatt eit anna alternativ. I kravdokumentet frå kommunane er det teke etterhald om at nærare samfunnsøkonomiske og hydrologiske vurderingar kan endre prioritering og krav.

I revisjonsdokumentet held Statkraft innleiingsvis fram at høvet til revisjon "primært gir muligheter til å sette nye vilkår for å rette opp miljøskader som er oppstått som følge av utbyggingane". Kommunane meiner at vassdragsreguleringslova ikkje gjev grunnlag for noko slik innsnevring av revisjonsgrunnlaget, og at økonomiske vilkår også må trekkast inn.

NVE ønskjer at arbeidet med vilkårsrevisjonar skjer under god dialog mellom partane. Ein slik dialog meiner me at me har hatt og har med konsesjonæren. Det er etablert ei eiga arbeidsgruppe med fast representasjon frå Statkraft, der både revisjonskrav og saker etter Vassforskrifta blir diskutert. Statkraft var tidleg innstilt på at det ville bli opna revisjonssak, og laga i 2005 ein rapport som viser status for kraftproduksjonen og reguleringa av vassdraget.

Konsesjonar

Tokke-Vinjevassdraget er bygd ut etter 7 konsesjonar. I tillegg er det gjort fleire planendringar. Den viktigaste konsesjonen er frå 8.2.1957 og er gitt til NVE. Seinare har NVE blitt omorganisert og Statkraftverka blei skilt ut som eit eige selskap, Statkraft SF som i dag står som innehavar av konsesjonen. Drifta er sett bort til eit underselskap i det privatrettslege konsernet Statkraft AS. Drivarselskapet blir drive etter kommersielle prinsipp og ikkje som eit statleg forvaltningsføretak. Slike og eventuelt andre organisatoriske endringar kan ha konsekvensar for reguleringskommunane og bør derfor takast omsyn til i revisjonen. For å ta høgde for dei endringane av organisasjonsform som har funne stad eller som måtte kome er det her konsekvent nytta nemninga konsesjonæren i staden for Statkraft Energi, Statkraft AS osv.

Det er reist spørsmål om ordlyden i St.prp. 32 (1956) om Utkast til manøvreringsreglement for statsregulering av Tokke-Vinjevassdraget, fastsett ved Kgl. Res. 4.7.1958, punkt 3: "Det skal ved manøvreringen has for øye at flommene i vassdragene nedenfor magasinene så vidt mulig ikke økes. Heller ikke må lavvassføringen forminskes til skade for andres interesser". Formuleringen blir teken opp att i Kgl. Res. 17.6.1960, men er fjerna etter møte 4.10.1960. Me viser elles til merknadene frå departementet i samband med dette og til overskjønnet, der det står at "Retten antar at Vassdragsvesenet må gis medhold i at regulerings og overføringstillatelsen av 17.6.1960 ikkje hjemler adgang til tørrlegging av bl.a. Songa elva og Tokke elv nedenfor Hyllandshylen. For disse elver antas hjemmelen for hel tørrlegging å måtte søkes i ekspropriasjonstillatelsen av 13. januar 1956".

Det blir på bakgrunn av dette reist spørsmål om heimelen for full tørrlegging og om kva som ligg i uttrykket "lågvassføring" i denne samanhengen.

Privatrettslege og ålmenne krav

Konsesjonæren har lagt ned ein betydeleg dokumentasjon og eit omfattande arbeid i revisjonsdokumentet. I dokumentet er krava frå kommunane grundig kommentert, med vurderingar og svar. Konsesjonæren hadde i utgangspunktet avvist ein del krav som privatrettslege og ikkje relevante for revisjonssaka. Kommunane bad NVE om ei oppklaring, og NVE har derfor bedt konsesjonæren om også å kommentere slike krav. Det gjeld krav om badeplassar, båtplassar, turstigar, vegar med vidare. Konsesjonæren viser til at mange av desse krava er avgjort ved tidlegare skjønn, medan kommunane meiner skjønna også i mange tilfelle galdt ålmenne interesser som ikkje var representert under skjønnsforhandlingane. Utgangspunktet for revisjonssaka må heile tida vera kva ein moderne konsesjon ville ha omfatta.

Eksisterande vilkår

Kommunane meiner at eksisterande pålegg om fylling av Totak og Byrtevatn skal stå ved lag, i desse tilfella frå 1.7. til 15.8. I Totak må i tillegg friviljug restriksjon frå 15.8. til 30.11. formaliseraast og takast inn i konsesjonsvilkåra. I følgje konsesjonæren kan ikkje eit fyllingskrav i Botnedalsmagasinet kombinerast med minstevassføring i Tokkeåi frå Lio, og etterlyser nærmere prioritering. Magasinet har normalt stort tilsig og når HRV i løpet av juni månad. Tilsiget er vanlegvis betydeleg større enn magasineringskapasiteten og slukeevna i Byrte kraftverk. I tørrår vil det vera lite vatn igjen til å oppfylle alle dei 3 krava. Kommunane aksepterer derfor at fylling av Botnedalsvatnet må prioriterast etter minstevassføring i Tokkeåi og fylling av Byrtevatn, men understrekar at det er viktig at tilsiget blir disponert slik at ein normalt også får høg sommarvasstand i Botnedalsvatnet.

Fyllingskravet for Byrtevatn må stå fast, og eit eventuelt problem med minstevassføring frå Lio bør derfor sjåast i samanheng med slepp av minstevassføring i Tokkeåi frå Vinjevatn/Leirli.

Det er ein føresetnad at inga plikt eller yting som tidlegare er pålagt konsesjonæren, uavhengig av kven som har nytte av det, fell bort eller blir redusert ved denne vilkårsrevisjonen.

Sletting av uaktuelle vilkår og endring av vilkår

Ingen merknader.

Båtplassar, badeplassar, turstigar med vidare

Kommunane meiner dei krava som er stilt er ålmenne krav, og at Statkraft har eit ansvar også på dette området.

Utgifter i samband med Vassforskrifta

Som den vesentlegaste påverkaren av den økologiske tilstanden i vassdraget, og som gjennom endra resipientkapasitet også påverkar den kjemiske og bakteriologiske tilstanden, må regulanten vera innstilt på å dekke sin del av utgiftene i samband med gjennomføring av overvakningsprogram og tiltak bestemt i forvaltningsplanen for vassområdet. I ein moderne konsesjon ville konsesjonæren vore pålagt å vera med på å finansiere slike tiltak.

Den lokale delen av overvakkinga er delt mellom tilstandsovervaking og problemkartlegging. I fasar av arbeidet med forvaltningsplanen vil ein vesentleg del av overvakningsbudsjettet vera

knytt til problemkartlegging, der årsaka til påverknaden ofte er utilstrekkeleg kjent. Redusert vassføring vil ofte vera ein vesentleg del av problemet, saman med tapping av vatn frå botnlag i reguleringsmagasin. Her må konsesjonären ta sin del, sjølv om innsatsen ikkje alltid kan relaterast til konkrete planar og forbetringstiltak.

Produksjonsanalysar og simuleringer

Kommunane er i mangel på eiga ekspertise heilt avhengig av det som konsesjonären legg fram på dette området. Som utgangspunkt er det nytta middeltilsig frå perioden 1931 – 1990. Nå er det vel kjent at tilsiget på grunn av klimaendringar har auka i dei fleste nedbørfelt. Dei seinare åra har den årlege elektrisitetsproduksjonen i Tokke-Vinjevassdraget auka med i gjennomsnitt 195 GWh, dels på grunn av forbetringar i kraftverka men truleg også på grunn av auka tilsig. I konsesjonssøknaden for Kjela kraftverk (2012) er produksjonen i eit normalår oppgitt til å vera 4920 GWh, som er vesentleg større enn dei 4320 GWh som var årsproduksjonen dei fyrste åra. Kommunane må få del i denne produksjonsauken. Auken i tilsig bør også kunne gje rom for større slepp av minstevassføring.

Dei kostnadene som konsesjonären har ført opp som følgje av krav om minstevassføringar og fyllingsgrad er ikkje korrigert for flaumtap og er derfor større enn dei faktiske kostnadene.

Konsesjonskraft (særavtalekraft), konsesjonsavgifter og fond

Kommunane legg til grunn at kommunane har rett til levering av særavtalekraft frå Haukeli og Tokke I, jamfør gjeldande kontrakt mellom Statkraft og kommunane. Avtala, som gjeld fram til 31.12.2016, må derfor forlengast og følgje konsesjonen. *Auka særavtalekvantum (konsesjonskraftmengde) vil gjera det mogleg for kommunane å få ta del i inntektene ved auka produksjon og verdistigning som følgje av nye investeringar og effektiviseringstiltak. Kommunane er med å betale for desse investeringane ved at sjølvkostprisen for særavtale-kraft vert høgare og eigedomsskatten lågare (høgare frådrag i eigedomsskattegrunnlaget).*

Konsesjonsavgiftene var meint som ein kompensasjon for mellom anna miljømessige ulepper etter reguleringa. Lågare miljøstandard tilseier høgare konsesjonsavgift. Konsesjonsavgiftene må justerast til maksimaltsats og avgiftsgrunnlaget justerast etter reell verknadsggrad i kraftverka og tilsig. Ein viser elles til kravdokumentet, juni 2010, som er lagt ved revisjonsdokumentet.

Kommunane viser til pkt 7.4.5 i kravdokumentet om miljøfond. Her seier kommunane at ein vil koma attende til storleiken i samband med høyringsrunden. Føremålet med revisjon av konsesjonsvilkåra for gamle kraftanlegg er å justere vilkåra til dagens standard. Dette gjeld både miljø- og økonomiske vilkår. I den grad nye vilkår ikkje møter dagens miljøstandard av omsyn til mellom anna kraftbalansen eller produksjonsmåla i fornybardirektivet, er det urimeleg at konsesjonären åleine får gevinsten av svakare miljøkrav enn dagens standard tilseier, då det er lokalsamfunnet som må bere ulempene. Monalege delar av meirinntektene ved svake miljøkrav (lite minstevassføring) må koma lokalsamfunnet til gode. Kommunane ber konsesjonsstyresmaktene rekne ut kva for gevinst konsesjonær kan pårekna år om anna av svakare miljøkrav i nye konsesjonsvilkår samanlikna med om konsesjonen hadde vore gjeve i dag. Denne gevinsten må tilfalla lokalsamfunnet i form av eit miljøfond eller tilsvarande årlege utbetalingar. Kommunane vil kome attende med eit meir spesifisert krav til storleiken på fondet når NVE har rekna ut konsesjonären sin gevinst i form av høgare produksjon og salsinntekter av ev svake miljøvilkår. Miljøfondet skal vera øyremerket tiltak for miljø, fiske og friluftsliv i vassdraget. Det må her takast omsyn til at landskapsmessige endringar betyr meir i dag med eit reiselivsbasert næringsliv enn det

gjorde før. Fondet skal også avbøte andre ulemper som ikkje kan knytast til særskilde område, som til dømes ulemper ved at reguleringa har vore med på å lette tilgangen for uønskte fiskeartar.

Dekning av meirutgifter

Konsesjonæren viser her til at dei har stilt sin kompetanse og relevante data til disposisjon. Vidare viser dei til retningslinene frå OED og meiner NVE får avgjera kostnadsfordelinga.

Revisjonssaka har vore så stor og omfattande at kommunane har vore nøydd til å engasjere ekstern konsulenthjelp, i fyrste rekke juridisk hjelp og fagleg hjelp som ikkje kommunane vanlegvis har tilgang til. Denne hjelpa skal kommunane nytte til å forsvare dei ålmenne interessene og til å påverke avgjerdsgrunnlaget. I dette tilfellet har det vore behov for mykje ressursar til å få avklart viktige prinsipielle spørsmål, jamfør mellom anna nye retningsliner for revisjon av konsesjonsvilkår og tilhøvet til forvaltningsplanar etter Vassforskrifta. I vilkårsrevisjonen representerer konsesjonæren og kommunane ulike og til dels motstridande interesser. Det er ikkje akseptabelt å vera avhengig av motpartens hydrologiske og juridiske kompetanse utan å kunne legge fram vurderingar på eit sjølvstendig grunnlag. Dette er kompetanse kommunane vanlegvis ikkje har.

Etter at NVE hadde opna revisjonssak, laga kommunane eit utkast til intensjonsavtale med Statkraft om dekning av utgifter. Fyrst etter at arbeidet med revisjonssaka var godt i gang blei det klart at konsesjonæren ikkje ville underskrive avtala. Det arbeidet som er gjort frå kommunane si side med å sortere og dokumentere krav har vore til stor nytte for utarbeiding av revisjonsdokumentet. Denne revisjonssaka er så stor og omfattande at det ikkje er rimeleg å vente at kommunane skal kunne handtere ho på ein tilfredsstillande måte utan å knyte til seg ekstrahjelp.

Det juridiske grunnlaget for krav om dekning av meirutgifter i samband med revisjonssaker er uklart, men det blir vist til Vassdragsreguleringslova § 6 der det kan krevjast dekning for utgifter til juridisk og anna sakkunnig hjelp. Ein tek derfor atterhald om rett til å fremje ytterlegare krav om dekning av slike utgifter.

Landskap, opprydding med vidare

Det blir her vist interne tilsyns- og kontrollrutinar og til Forskrift om internkontroll. Ingen merknader.

Naturforvaltning

Konsesjonæren viser her til at mange av krava frå kommunane kan varetakast gjennom innføring av nye standardvilkår. Krava må då følgjast opp av Fylkesmannen/Miljødirektoratet. Det gjeld til dømes krav om fysiske tiltak. Kommunane meiner det i revisjonssaka bør leggast føringar som sikrar at sakene blir tekne opp. Det gjeld mellom anna krav om fysiske tiltak for fisk i Tokkeåi, Dalaåi og Bitu.

Badeplassar

Konsesjonæren viser her til at krav tidlegare er behandla i skjønn og derfor må vurderast som privatrettslege. Kommunane må vera ansvarlege for å drive og vedlikehalde badeplassane, og for å gjennomføre tiltak. Konsesjonæren må etter avtale vera viljug til å bidra med midlar.

Kommunane viser til at nokre av badeplassane har vist seg å vera ubrukelege, og at dette gjeld årmenne friluftsinteresser som vilkårsrevisjonen må følgje opp.

Økologisk tilstandsovervaking

Statkraft meiner dette er ei oppgåve for det offentlege og at dette bare er aktuelt å pålegge konsesjonæren dersom det ligg føre konkrete krav som det er rimeleg at konsesjonæren må vera med på å dekke.

Overvakning av tilstanden i vassførekommstar er delt mellom basisovervaking, tiltaksovervaking og problemkartlegging. Basisovervaking er ei statleg oppgåve, tiltaksovervaking blir brukta til å fastsette økologisk tilstand og problemkartlegging blir nytta der påverknad og årsak ikkje er godt nok kjent. For konsesjonæren vil det vera mest aktuelt å bidra til å dekke utgifter til problemkartlegging, då konsesjonæren er ein viktig påverkar i dei fleste større vassførekommstar i vassdraget. Konsesjonæren har tidlegare dekt 10 – 15 % av det lokale overvakingsbudsjettet, som omfattar tiltaksovervaking og problemkartlegging. I framtida vil kanskje budsjettet bli mindre, men samstundes må meir av kostnadene dekkast lokalt. Det er derfor klart at konsesjonæren i framtida også må vera innstilt på å dekke ein større del av utgiftene til overvakning.

Andre registreringar

Sidan fisk er ein av dei 4 klassifiseringsparametrane for økologisk tilstand i ferskvatn bør fiskeundersøkingar kunne påleggast konsesjonæren i alle regulerte og reguleringspåverka vassførekommstar. Det gjeld også der det ikkje er pålegg om utsetting av fisk. At grunneigar tidlegare har fått full erstatning for tapt fiske er ikkje noko vesentleg moment, idet fisk og utøving av fiske også er ei viktig årsmenn interesse. At det ikkje er sal av fiskekort gjeld ikkje born under 16 år.

Kommunane er godt nøgd med den innsatsen som blir gjort for å undersøke vilkåra for storauren i Tokkeåi og Bandak. Hydrofish prosjektet har gitt viktig kunnskap om utbreiing av viktige krepsdyr og om tolegrens for artane. Det er likevel grunn til å følgje opp innsatsen for skjoldkreps og marflo, mellom anna for å undersøke vilkåra for spreiling og ny etablering frå uregulerte vassførekommstar oppstraums dei regulerte.

I 2012 blei det ikkje registrert nokon oppgang av ålelarvar over Rygene dam i Arendalsvassdraget. Det seier ein del om den alvorlege situasjonen ålen er komen i. Med elektrisk fiskesperr og 5 kraftverk mellom Flåvatn og Norsjø kan ein akseptere Statkraft sitt ønskje om ikkje å koste pengar på registrering av ål.

Med overføring av Totak til Våmarvatn og Vinje kraftwerk har det kome ørekryt til Våmarvatn, Vesle Totak og andre vatn langs denne strengen. Det må reguleringa ta ansvar for. Det er vanskeleg å få til tiltak som nyttar mot denne arten. Spreiling av ørekryt er døme på verknader som ikkje var rekna med på konsesjonstidspunktet. Eit fiske og friluftsford kan bidra til å kompensere for nokre av dei ulempene som ein slik uønskt fiskeart fører med seg.

Kulturminne

Statkraft meiner det er gjort tilstrekkeleg med undersøkingar av arkeologiske kulturminne i vassdraget. Kommunane viser til at det er Riksantikvaren og fylkeskommunen som må

avgjera om det er behov for fleire undersøkingar og meiner det er mykje som står att før omsynet til arkeologiske kulturminne er tilfredsstillande teke vare på.

Sikring av helleristningsfeltet på Sporanes er ikkje kommentert. Fylkeskommunen har tidlegare signalisert behov for å sikre kulturminnet mot erosjon frå is nær strandlinna. Konkrete tiltak må vurderast, og i den grad det er reguleringa som er skuld i slitasjen bør det vera aktuelt å pålegge endringar i manøvreringa av magasinet, eventuelt saman med andre tiltak.

Vegar

Vedlikehaldet av tiltaksvegar er overlate av konsesjonären til grunneigarane frå 2004. Då blei det oppretta eit fond forvalta av skogeigarlaga i Tokke, Vinje og AT Skog. Fondet kan nyttast til vedlikehald av tiltaksvegar og terrengrtransport. Ved overtaking av tiltaksvegane var partane innforstått med at ein del av tiltaksvegane blir bruka av ålmenta. I avtala pliktar grunneigarane at dei vegane som var viktige for ålmenn ferdsel skulle vera opne i 10 år. Avtala hindrar ikkje at det kan innførast bompengar på vegane. Kommunane vil at Baksidevegen langs Dalåi i Tokke, vegen på vestsida av Vinjevatn og vegen ned langs vestsida av Tokkeåi frå Mannås framleis skal vera tilgjengelege for ålmenta, og at ein derfor må ha eit fond som kan sikre dette også etter 2014.

Alle anleggsvegar må haldast opne som bilvegar for ålmenta. Det gjeld også vegane i Botnedalen, der konsesjonären er pålagt vedlikehald av konsesjonsvegane som landbruksveg klasse III. Det vil då vera urimeleg om ikkje anleggsvegen som fører til desse vegane også må haldast ved like med same standard. Andre vegrar bygd i samband med kraftutbygginga som tiltak mot ulemper for ålmenn ferdsel må vera pålagt ein standard som minst svarar til vegklasse IV.

Særensbrua blei bygd som resultat av overskjønnet 1.7.1961 for å avhjelpe dei ferdelsvanskane reguleringa av Vinjevatn medførde og før fløtingsskjønnet 25.4.1963. Konsesjonären blei pålagt vedlikehaldsansvaret for bru, men meiner dette nå må dekkast av det same fondet som for dei andre tiltaksvegane. Dei meiner at bruva bare blei bygd som kompensasjon for dei med bruksrettar, og at ein derfor ikkje har noko plikt til å halde bruva open for ålmenta.

Kommunane peikar på at overskjønnet i 1961 føresette at tømmeret framleis skulle slåast ut i Vinjevatn for å samlast opp ved dammen i Tveito. Tiltaksvegen og bruva blei derfor primært etablert for å lette den ålmenne ferdsla over vassdraget og for å avhjelpe drifta av tømmeret frå skogen til utslag langs vatnet. Bruva har aldri vore nytta til transport av tømmer, og var alt frå ho var bygd ubrukeleg til eit slikt føremål, jamfør akseltrykk og kurvatur ved overgang til vegen på vestsida av vatnet. Reguleringa ville på grunn av usikker is og varierande vasstand gjeva det vanskelegare å krysse vatnet. Tidlegare var det her også ei ferje som kunne frakte folk over.

Då avtala om tiltaksvegane blei gjort i 2004 kan det synast som om også bruva var med. AT Skog var den gongen ikkje klar over at bruva ikkje var ein ordinær del av tiltaksvegnettet, noko som er stadfest av dåverande disponent i AT Skog Dieter Oswald i notat 19.3.2013. Avtala gjeld derfor bare vegen på vestsida av Vinjevatn og ikkje bruva. Kommunane viser til overskjønnet 1.7.1961 og meiner at konsesjonären skal ha ansvaret for å halde bruva ved like og at bruva skal vera open for ålmenn ferdsel.

Konsesjonæren er pålagt ansvaret for konsesjonsvegane i Botnedalen, som stadfest av olje og energiministeren i Stortingets spørjetime 16.3.2012. Vegane skal haldast i ein standard som svarar til skogsbilveg klasse III. Kommunane ser det derfor som naturleg at anleggsveg som fører fram til desse konsesjonsvegane bør ha same standard.

Båtplassar

Konsesjonæren avviser krav om båtplassar og meiner det er eit privatrettsleg krav. Det er i overskjønnet 1.7.1961 bare gitt pålegg om båtutsett ved ulike vasstandar og ikkje båtplassar. Statkraft har signalisert at dei på friviljug basis er innstilt på å lage til båtplass i Songa ved Berunuten. For Botnedalsmagasinet blir kravet om båtplass avvist, idet ein mellom anna viser til Lov om motorferdsel i utmark, der ålmenn ferdsel med motorbåt ikkje er tillate på vatn mindre enn 2 km².

Kommunane har ingen merknader til dette.

Merking av skjer og grunnar og usikker is

Statkraft vil gjennomføre merking av usikker is med vidare som pålagt i skjønn. Det er laga magasinkart for Songa, som vil vera grunnlag for ei fast rute over vatnet. Langs ruta vil det vera mogleg å merke skjer og grunnar, men ikkje generelt i vatnet.

Ingen merknader frå kommunane til dette.

Turvegar

Konsesjonæren avviser pålegg om opparbeiding av slike vegar der dei ikkje er pålagt i skjønn eller elles har gått tapt på grunn av reguleringa. For fløtingsdammen i Mosvatn tek konsesjonæren ansvaret for vedlikehald av steinterskelen, men ikkje bruva. Det er vidare vist til den praksis konsesjonæren har hatt med å gi tilskot til opparbeiding av turvegar.

Kommunane føreset at konsesjonæren framleis vil bidra til å aktivt fremje friluftsliv og naturoppleving gjennom å legge tilhøva til rette for ålmenta, som ein rimeleg kompensasjon for dei ulempene som dei store naturinngrepa har ført med seg.

Tersklar

Statkraft viser her til at tiltak kan påleggast i samsvar med standardvilkår.

Kommunane vil fråfalle kravet om terskel i Botnedalsmagasinet og viser til at ein slik terskel kan gje problem for fiskens vandring og for bruk av båt. Planen for rehabilitering og ombygging av tersklar i Tokkeåi nede på Dalen må følgjast opp og reviderast med føresetnad om større vassføring. I tillegg til å sikre vandringsvilkår og oppvekstmiljø for fisk må det også takast omsyn til at tersklar og andre fysiske tiltak kan gje auka støy for dei som bur nær elva.

Rydding i reguleringssona og av elveløp

Konsesjonæren viser her til NVE rettleiar 2/2005 om miljøtilsyn. I følgje rettleiaren skal konsesjonæren halde vassvegane opne ved mekanisk rydding. Avfallet etter rydding skal fjernast. Kommunane ønskjer at det skal lagast ein tiltaksplan for rydding som viser kvar det skal ryddast i Tokkeåi.

Røter med vidare som har losna i reguleringssona og samlar seg i buktene må takast opp og fjernast. Dette må gå inn som ein fast årleg rutine lik andre miljøtilsyn.

Miljøbasert vassføring i Tokkeåi

Konsesjonæren ser behovet for ei utgreiing av miljøbasert vassføring frå Åmot til Lio. I Tokkeåi nedstraums Lio er Statkraft innstilt på eit reglement som dei to siste åra har vore prøvd som ein friviljug restriksjon, med varierande vassføring gjennom året. Me veit ikkje om det er tilstrekkeleg, og vil avvente sluttrapporten frå NINA etter dei biologiske undersøkingane i Tokkeåi/Bandak.

I løpet av prøveperioden er det også erfart at det av ulike årsaker kan bli driftsstans i Lio kraftstasjon. Slike episodar kan vera svært uheldige for livet i elva, og det må setjast inn tiltak for å avverje dei. Det vil ta 7 – 14 timer før vasslepp frå Vinjevatn/Leirlid når Lio. Dette talar for å ha ei permanent minstevassføring i heile elva som basis. Vidare må vilkåra for ein omløpsventil eller anna ordning for å sleppe vatnet forbi Lio kraftstasjon utgreiast.

Tilsiget til Botnedalsmagasinet sommarstid er under normalår vanlegvis større enn slukeevna i Byrte kraftverk. Magasinet vil derfor normalt nå HRV i løpet av juni månad. I tørre år kan fyllingskravet derimot vera vanskelegare å oppfylle. Ved nedtapping kan store delar av vatnet bli tørrlagt.

Dersom det skulle bli nødvendig vil kommunane prioritere bruken av vatnet slik:

1. Minstevassføringskrav i Tokkeåi frå Lio til Bandak
2. Krav om minstevassføring frå Åmot til Lio
3. Gjeldande fyllingskrav i Byrtevatn
4. Høgare sommarvasstand i Botnedalsvatnet

Konsesjonæren ønsker at pålegg om minstevassføring skal gjelde på døgnbasis og ikkje på timebasis, for lettare å kunne halde seg innafor krava. Ein kan ha ei viss forståing for ønsket, men det må også sjåast i samanheng med storleiken på den minstevassføringa som blir pålagt. Låg minstevassføring gjev mindre å gå på.

Temperaturendringar i Tokkeåi nedanfor Lio

Konsesjonæren meiner vilkår må formast slik at ein ikkje bryt reglementet dersom det skulle oppstå uventa utfall av kraftstasjonen eller andre tekniske problem. Kommunane viser til argumentasjonen over og meiner ein omløpsventil kan løyse noko av problemet. Ein vil på same måte som ovanfor avvente konklusjonen på dei biologiske undersøkingane i elva saman med dei temperaturmålingane som blir gjort. Tekniske løysingar for tapping av vatn frå anna enn botnlaga i magasina har vore etterlyst og bør arbeidast med.

Fyllingskrav i reguleringsmagasin

Konsesjonæren vil imøtekome fyllingskrava for Byrtevatn, Totak, Vinjevatn og Ståvatn, men gjeng i mot fyllingskrav i Kjelavatn, Bordalsvatn og i Songa. I Songa meiner konsesjonæren at fylling til kote 962 vil kunne varetake omsynet til båttrafikken. Det blir elles vist til rapport frå fiskeundersøkingar i Songa i 2012, som er publisert i 2013.

Kommunane meiner at høg vasstand i Kjelavatn er viktig både av omsyn til landskap, reiseliv og ferskvassbiologi, men kan gå med på at fyllingskravet blir forma som ein "mjuk"

restriksjon, dvs. krav om at alt tilsig etter 1.juni skal nyttast til å fylle magasinet opp til mindre enn 5 m under HRV.

Songa er ein svært viktig del av produksjonssystemet i vassdraget, og ein har forståing for at strenge fyllingskrav kan bli vanskeleg. Det er likevel så store andre interesser knytt til vatnet at ein ikkje kan akseptere at konsesjonären skal stå fritt i å disponere det bare ut frå sitt behov. Som for Kjelavatn er ein innstilt på å akseptere ein form for "mjuk" restriksjon.

Kommunane kan fråfalle kravet om fylling av Bordalsvatn, under føresetnad av at det blir slept minstevassføring i Bora gjennom Gjøsløysdalen. Det har vore eit krav som var med i Tiltaksanalysen for vassområdet, men som ikkje kom klart nok fram i kravdokumentet frå kommunane.

Vasstanden i Vestvatna med Bandak blir regulert av omsynet til kanalbåtane (kgl. res 30.9.1980) og av Hoggaregulativet (kgl. res. 27.7.1984) og er derfor ikkje omfatta av revisjonssaka for Tokke-Vinjevassdraget. Men vasstanden er avgjerande for omfanget av vassdekt areal i deltaet for Tokkeåi, som er avgjerande for bestanden av niauge og som oppvekstområde for aure. Deltaet er delt mellom Tokke-Vinje vassområde og Midtre Telemark vassområde. Det har ei tid også vore praktisert ei viss regulering for kraftproduksjon, men denne praksisen er nå endra slik at vasstanden om hausten skal haldast over kote 72. Det er viktig at dette framleis blir praktisert og formalisert.

Minstevassføring i andre elvar enn Tokkeåi

Statkraft ser behovet for ei minstevassføring i Bitu. Kravet må kombinerast med fysiske tiltak. Kommunane bed om at det blir utarbeidd ein plan for elva.

Konsesjonären ser også at eit lite slepp av vatn i Mosåi sommarstid kan vera gunstig, men legg til at det vil gje eit produksjonstap i Lio og ekstra kostnader med anlegg/utstyr for slepp av minstevassføring, kontroll og overføring av data. Kommunane vil be om at eit enklare opplegg blir vurdert, eventuelt i samband med større marginar for avvik i høve til pålagt vassføring.

I Kolldalsbekken meiner konsesjonären at vinsten blir for liten i høve til kostnadene, og saknar også manglande grunngjeving for kravet. Minstevassføring frå Gurivatn vil bety lite for produksjon og rekruttering i småtjønnane nedanfor, som får meir av tilsiget frå eit uregulert restfelt. Bekken frå Gurivatn synes heller ikkje å vera nokon god gytebekk. Ein kan derfor fråfalle kravet om minstevassføring her.

Gjennom kartlegging av algeproblematikken i Tveitevatn og nedre del av Kjelaåi/Flothyåi meiner NIVA at det er usikkert om auka vassføring vil betre problema i Tveitevatn. Kommunane meiner det er viktig å prioritere Tveitevatn. Dei viser elles til det arbeidet som skjer med tiltaksprogram og forvaltningsplan etter Vassforskrifta og vil følgje verknadene av dei tiltaka som er sett i verk i Haukeli reinseanlegg.

Hydrologisk informasjon

Kommunane har kravd at det skal bli lettare å få tilgang til data for vasstand og vassføring, på nettet eller som SMS. Statkraft viser her bare til oppsette målestasjonar, men gjeng ikkje nærrare inn på kravet. Enkelte av magasina blir mykje brukt som ferdsselsåre både sommar og

vinter. Hos andre energiselskap kan ein straks skaffe seg oppdaterte målingar ved bare å bruke mobiltelefonen eller internett. Det er ikkje forståing for at det skal vera noko annleis hos Statkraft.

Grunnlaget for konsesjonskraft

Konsesjonæren avviser at det skal vera noko tema for vilkårsrevisjonen. Mengda av konsesjonskraft er bestemt av kraftgrunnlag og verknadsgrad i kraftverka. Her blir det nytta ein verknadsgrad på 82 %, som er langt under den reelle verknadsgraden. Utrekningsgrunnlaget må derfor bli oppjustert i samsvar med faktisk kraftgrunnlag og verknadsgrad.

Standardvilkår, (vedlegg 3).

Ein er usikker på om ordlyden i punkt 11 "Veger, bruer og kaier som konsesjonæren bygger, skal kunne benyttes av allmennheten, med mindre Olje og energidepartementet treffer annen bestemmelse" fullt ut erstattar den tidlegare ordlyden "Veger, bruer og kaier som anleggenes eier bygger, skal stilles til fri avbenyttelse for allmennheten, for så vidt departementet finner at dette kan skje utan vesentlige ulemper for anleggene". Kommunane vil ha stadfest at det ikkje er nokon realitetsskilnad på dei to formuleringane. Dersom den fyrste ordlyden i realiteten reduserer noko av konsesjonærrens ansvar vil utvalet be om at ein held fast ved den tidlegare formuleringa.

Tiltak medan revisjonssaka er til behandling

Behandlingstida for dei to sakene som er avgjort (Tesse og Vinstra) har vore lang. Kommunane er urolege for at behandlinga av denne revisjonssaka også kan ta lang tid, og vil derfor understreke behovet for tiltak også før saka blir endeleg avgjort. Det er godt at konsesjonæren har innført ein del friviljuge tiltak, men det kan vera behov for fleire for å hindre skadar som det seinare kan vera vanskeleg å rette opp. Ein vil derfor be NVE vurdere innføring av ein del mellombels tiltak så lenge saka ikkje er avgjort.

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak:

1. Kommunestyret i Vinje sluttar seg til innstillinga frå Kraftutvalet for Tokke og Vinje.
2. Konsesjonæren syner til retningslinene frå OED som seier at det må liggje føre særskilte omsyn før det kan vera aktuelt å påleggje fond og andre økonomiske vilkår i revisjonen. Kommunestyret vil understreka at i den grad vilkårsrevisjonen ikkje fører til ein ynskjeleg miljøstandard, må miljøfond prinsipielt aksepterast som kompensasjon. Spesielt når det gjeld Tokke-Vinjereguleringa vil kommunestyret vise til at det er fleire særskilte omsyn:
 - a) Miljøomsyna var fråverande då hovuddelen av utbygginga blei vedteken og utført. Dei kom langt sterkare inn ved seinare konsesjonar.
 - b) Kommunane blei fråtekne høvet til ny konsesjonshandsaming ved at konsesjonen i 2002 blei omgjort til evigvarande.
 - c) Særskilte tiltaksbehov knyter seg m.a. til vernet av den unike storaurestamma i Bandak.
 - d) Den miljømessige og landskapsetetiske verdien av vassdragsnaturen spelar ei vesentleg viktigare rolle for ålmenta i dag enn på femtitalet.

Dersom konsesjonsstyresmaktene ønskjer å prioritere kraftproduksjon framfor miljø i form av minstevassføring, er det urimeleg at konsesjonæren skal tene og lokalsamfunnet tapa på ei slik avgjerd. Derfor vil innstillinga frå NVE til OED på dette punktet vera avgjerande for dei krava Vinje kommune stiller i neste høyringsrunde når det gjeld storleiken på eit miljøfond.

Mindretallet i kommunestyret (17 mot 8 røyster) røysta for:

Fylgjande tekst erstattar og/eller utfyller Kraftutvalet si innstilling til høyringsuttale i vilkårsrevisjonssaken på dei område som går fram av punktene nedanfor:

Statsregulering

Dokumentet som me er invitera til å gje høyringsuttale om har vesentlege manglar då det, slik det nå ligg føre, ikkje opplyser saken på ein tilstrekkeleg måte jf. fol. § 17. Ein vil her særleg vise til at ein i dokumentet ikkje drøftar kva for konsekvensar/føringar det gjev at Tokke/Vinje vassdraget vart utbygt som ei statsregulering med heimel i vassdragslova.

Utbygginga av Tokke-Vinje vart gjort som ei statsregulering og fyrste tillatelse vart gjeve i statsråd 13.01.56. Tillatelse til å oreigne og byggje ut fallrettane i heile Tokke/Vinjevassdraget, med sidevassdrag, er gjevne i medhald av vassdragslova - §§ 147 og 149 pkt. 1 og 2.

Ved handsaminga i statsråd vart det gjeve tillatelse etter § 62 til dammar, overføringer, bygningsareal m.m. Vidare vart det òg gjeve tillatelse i medhald av §§ 104 pkt. 2 – 4 og 105. Då tillatelse til å byggje ut fallrettane i heile vassdraget vart gjeven etter vassdragslova (§ 147) og bestemmelsen der ikkje hadde tilsvarande bestemmelse som t. d i vassdragsreguleringslova sin § 19 om fløtning, jfr. § 12 pkt 12 og 18, vart det sett vilkår i medhald av vassdragslova - § 106. Desse vilkåra er slik:

1. Norges Vassdrags- og Elektrisitetsvesen plikter å **treffe nødvendige tiltak** eller avg i sådan utstrekning at den **alminnelige ferdsel** og fløtning forulempes så lite som mulig ved utbygningen. Spørsmålet om hvilke forføyninger som skal treffes, avgjøres i mangel av overenskomst ved skjønn som i tilfelle kan fremmes i forbindelse med ekspropriasjonsskjønnet. Skade eller ulempe for ferdsel eller fløtning som ikke avhjelpes på denne måte, blir å erstatte.

2. Til fremme av fisket i de områder av Tokke - Vinjevassdraget som berøres av utbygningen, plikter Norges Vassdrags- og Elektrisitetsvesen å sette ut yngel og/eller settefisk etter nærmere bestemmelse av vedkommende departement.

Dersom dette departement finner det nødvendig og hensiktsmessig, plikter Norges Vassdrags- og Elektrisitetsvesen etter samme departements nærmere bestemmelse:

1. å anbringe fiskesperring foran inntakene for å hindre at fisk ødelegges i turbinene.
2. for fiskebestandens vedlikehold å treffe tiltak for å lette fiskens fremkomst til nye gyteplasser - for eksempel ved bygging av fisketrapper.
3. med års mellomrom å bekoste fiskeribiologiske undersøkelser i de berørte områder.

3. I inntaket ved Leirli tillates vannstanden hevet til kote 466,5 ved vanlig drift. Under flom kan vannstanden stige ytterligere ca. 2 meter.

Vannstanden i Vatjern tillates hevet til kote 838,0 ved vanlig drift. Når vannstanden under flom nærmer seg kote 838,8, skal nåleløpet manøvreres slik at vannstanden ikke overstiger denne kote.

Høydene refererer seg til Vassdragsvesenets **generalplan**.

De tillatte høyeste vannstandene skal merkes av i terrenget med varige og lett synlige merker som godkjennes av det offentlige.

Vilkåra i post 1 og 2 vart utforma på ein måte som skulle gjera det mogleg å ta same tekst, med små endringar, inn i reguleringsvilkåra når dei seinare vart fastsett. Post 3 om regulering av vasstand er i medhald av vassdragslova § 127.

At staten med vedtaket 13.01.56 sikra seg alle rettigheter var av avgjerande betydning for lån i Verdsbanken. Dette går klart fram av påskriften på dokumentet av 13.01.56 . Sjå vedlegg.

Det synast sikkert at det ikkje er gjeven nokon konsesjon til vassdragsregulering etter vassdragsreguleringslova. Staten ga ikkje konsesjon til seg sjølv, men Kongen fastsette vilkår etter samtykke frå Stortinget. Dette i medhald av vassdragslova - § 127, St.prp. nr. 32 og Innst. S. Nr. 278, begge 1956, samt vassdragsreguleringslova - § 15.

Av vassdragsreguleringslovas paragrafar er det kun nokre (få) som gjelder ved statsreguleringar. Ved etableringa av Stakraft og seinare omorganiseringar, har selskapet ikkje søkt konsesjon. Fyrst i søknaden om tidsuavgrensa konsesjon i 2002, går det fram at ein er klår over at selskapet ikkje har konsesjon etter vassdragsreguleringslova.

Vegar

Regulanten har ansvaret for tiltaksvegane, men vedlikehaldet av tiltaksvegar er overlate til grunneigarane og eit fond forvalta av AT Skog. I følgje avtala skal fondet ha

vedlikehaldsansvar for særskilte tiltaksvegar i 10 år, fra september 2004 (til neste år). Det er nedfelt i vilkåra at alle vegr som vert bygt av regulanten skal vera opne for ålmenta, jfr. friluftslova - §4, 1. ledd. Vilkårsrevisjonen må avklare og sikre ålmenta tilgang til fri bruk av tiltaksvegane.

Alle anleggsvegar må haldast opne for ålmenta. Konsesjonsvegar skal iflg. OED oppgraderast og verte drifta i medhald av pålagt standard. Det får konsekvens i Botnedalen, kor det er pålagt å drifte heilårsveg av type landbruksveg, klasse III. Regulanten har vore usamd med NVE om dette, men saka er seinere avklåra i Stortinget, noko Fylkesmannen i Telemark òg held seg til. Kommunane vil halde fast ved at både vegane i Botnedalen (også fram til Strandstøyldalsvatnet) og Songavegen må haldast heilårsopne for ålmenta med minimum landbruksveg klasse III standard og at det er regulanten som skal ha ansvar for vedlikehaldet.

Uavhengig av grunngjeving eller årsak for etablering, tener alle vegr som blei bygt i samband med kraftutbygginga til å avhjelpe ulemper for den ålmenne ferdsel i reguleringskommunane , (jfr. vilkåra i kronpr.res. 13.01.56 og regelen om at "De stedlige myndigheter skal tas med på råd ved valg av trasè for de forskjellige anleggsveger."). For at veganlegga òg i framtida skal vera tenelege, som avbøtande tiltak for den ålmenne ferdsel, må regulanten i vilkåra verte pålagt minstestandard på vegr der det ikkje er sett anna krav til standard (herunder òg tiltaksvegar). Minstestandard må vera landbruksveg kl. 4 (sumarbilveg). Ein slik minstestandard sikrar at alle vegr og vedlikehaldet av desse fylger framtidige endringar i vegstandard. Dette gjev òg avklaring for Særensbrua og framtidig vedlikehald av denne.

Økonomi:

Tokke/Vinjeutbygginga er ei statsregulering kor staten 13.01.56 sikra vedtak for å tilegne seg alle rettighetar med heimel i vassdragslova. Det er ikkje gjeve konsesjon etter reguleringslova. Skal dei fastsette statsreguleringsvilkåra no verte gjort om til "standard" konsesjonsvilkår må kommunane få dei økonomiske goder som fylgjer med ei ordinær konsesjonshandsaming. "Nye" økonomiske goder er difor ein konsekvens av omgjering frå statsregulering til konsesjon. *Slike økonomiske goder (næringsfond mm.) må kome i tillegg til "særavtalen" som vart imøtekome fordi ein ved utbygginga tok alle utbyggbare vassdrag i kommunane. Særavtalen har difor frå dei fyrste vedtak vore ein føresetnad for utbygginga og det er staten som er garantist for særavtala òg etter omorganiseringa, der drifta no ligg i eit privatrettsleg AS.*

Ny Høyring:

I og med at saka kan vera mangefullt opplyst, jfr tidlegare henvisning til forvaltningslova, be ein om at NVE legg saka ut for ny høyring.

I framlegget som mindretalet røysta for ligg det og med følgjande vedlegg:

- Kronprinsregentens resolusjon

Med helsing

Reidun Lofthus
administrasjonssekretær

Vedlegg:

- 1 Kronprinsregentens resolusjon